



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	02.02.2015
04/2015	Kommunestyret	PS	16.02.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Gjertrud Karevoll	FE - 141	14/1401

### **RULLERING AV KOMMUNEPLANEN - OPPSTARTSVEDTAK OG FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM TIL HØYRING**

**Vedlegg:**

KOMMUNEPLAN - RULLERING

Forslag til planprogram for rullering av kommuneplan høyringsutk 2015

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §11-12 og §11-13 vedtar Vaksdal kommunestyre oppstart av arbeid med rullering av kommuneplan, samt framlegg til planprogram til høyring i 6 veker.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 05/2015**

**FPØ - Behandling:**

Kommuneplanleggjar Gjertrud Karevoll orienterte.

Samrøystes vedtak.

**FPØ - Tilråding/Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §11-12 og §11-13 vedtar Vaksdal kommunestyre oppstart av arbeid med rullering av kommuneplan, samt framlegg til planprogram til høyring i 6 veker.

## Kommunestyret - Sak 04/2015

### **KOM - Behandling:**

Einingsleiar Willy Andre Gjesdal orienterte.

Samrøystes vedtak.

### **KOM - Tilråding/Vedtak:**

I medhald av plan- og bygningslova §11-12 og §11-13 vedtar Vaksdal kommunestyre oppstart av arbeid med rullering av kommuneplan, samt framlegg til planprogram til høyring i 6 veker.

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Kommuneplanen skal vere eit styringsredskap som gjenspeglar samfunnsutviklinga, og tilrettelegg for vekst og utvikling i kommunen. Det er viktig at ei rullering ser på dei delane av plangrunnlaget som har størst utviklingspotensiale. Bakgrunn er kommunen sin planstrategi vedtatt i 2012 og vedtak i sak 48/2014 om igangsetting av forarbeid og planlegging.

I rullering av kommuneplanen kan ein ta utgangspunkt i utfordringar som vil påverke utviklinga i kommunen mest sett i lys av eksisterande og pågåande planarbeid. Med andre ord – sørge for at plangrunnlaget i kommunen ikkje er ein flaskehals for samfunnsutviklinga og gjenspeglar kommunen sine mål om vekst og utvikling.

#### Særlege utfordringar for Vaksdal i kommuneplansamanheng

Det er fleire nasjonale og regionale utfordringar knytt til struktur, organisering og infrastrukturprosjekt som er i tidlegfase, og dermed lite konkretisert. Dette gjeld både organisering i regionsenter, kommunereformen og konseptvalutredning for Arna-Voss. Dette gjer at me må tenkje langsiktig og ha fokus på fleksible løysingar.

#### Prognosar

Hordaland fylkeskommune (Hfk) gjev årleg ut prognosar for viktige utviklingsparametre for fylket generelt og kommunane spesielt. For Vaksdal kommuen er forventa folketalsauke gjennomsnittleg rekna til 22 personar pr. år. Høgt anslag er 37 personar pr. år. I desse tala er det ikkje teke omsyn til utbygging av E16/jernbane. Sett i lys av dette er det rimeleg å forventa auka interesse for tilflytting av pendlarar ut over dette.

Fylkesprognosen for Vaksdal viser ein auke på omlag 180 hushald til år 2030. Dette talet er også utan ny E16/jernbane. Med god tilrettelegging er det potensiale for ytterlegare vekst.

Forventa vekstområder i fylgje fylkesprognosane er Vaksdal, Tveitane, Jamne, Stanghelle Vest, Dale søraus og Dale nord. Andre område i kommunen syner trenden uendra eller nedgang i folketal. Desse trendane er også utan omsyn til komande ny E16/jernbane.

Folketalsauken i regionen viser at me må forvente ein historisk vekst, og det er viktig at Vaksdal planlegg og tilrettelegg for den venta utviklinga. Folketalsauken vil medføre trong for areal til både busetnad, næring og anna tilhøyrande infrastruktur. Dersom det også vert

beslutta ny utbygging av E16/jernbane gjennom kommunen vil auke presset mot areal ytterlegare, og gje kommunen ytterlegare vekst og mogelegheiter for busetnad- og næringsutvikling.

### Planprogram

Det første steget i ein planprosess vert å utarbeide eit planprogram, jf. plan- og bygningslova §11-13. Planprogrammet skal vise kva tema ein skal sjå nærare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet.

Planprogrammet skal gjera nærmare greie for føremålet med planarbeidet, ta for seg planprosessen med fristar og deltakarar, samt opplegg for medverknad. Programmet skal synleggjere tema som bør utgreiast spesielt og skal vera styrande for arbeidet og innhaldet i heile kommuneplanen.

Forslag til planprogram er vedlagt, og inneber rullering av både samfunnsdel og arealdel, utvalde tema etter forventa utfordringar i komande planperiode.

Planprogrammet skal leggjast ut til høyring og offentleg ettersyn i minimum seks veker og kommunen vurderer merknadene som kjem inn før endeleg planprogram vert fastsett. Sjølve planen skal utarbeidast etter det fastsette planprogrammet.

### Organisering av planarbeidet

Formannskapet er planutval og skal gje innstilling til kommunestyre om planprogram. Rådmann legg opp til ein tett og god dialog med planutvalet gjennom heile planprosessen

### Medverknad og framdrift

Det er krav til medverknad etter plan- og bygningslova. Dette vil framkome av planprogrammet. Framdrift vil også framkome av planprogrammet.

### **Vurdering**

Vaksdal skal ha ei framtidretta planportefølje ankra i samfunnsutviklinga og basert på innbyggjarane sine behov. Kommunen sine alternative utviklingsområde skal fylgjast opp gjennom planarbeid, konsekvensutgreiingar og prioriteringar. Strategiar som vert utarbeidd for kommuneplanen sin samfunnsdel vil danne grunnlag for arealstrategi for endringar i arealdelen.

Dei delane av kommuneplanen som forsatt står seg godt er ikkje nødvendig å rullere, men kan vidareførast i ny plan. Fleire av tema i kommuneplanen er dei siste åra fulgt opp med kommunedelplanar eller temaplanar, og treng difor ikkje løftast særskilt i dette planarbeidet. Andre tema har trong for særskild løft, og vil vere med i planarbeidet. Framlegg til planprogram er grunnlag for vedtak om oppstart av rullering av kommuneplan og igangsetting av offentleg høyring for planprogrammet.